



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Sula kommune

O.A. Devolds Sønner AS. Nedlegging av dam Sætrevatn. Fråsegn til søknad etter vassressurslova.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

Søknaden gjeld fjerning av ein murdam ved Sætrevatnet, Langevåg. Dammen tilfredstillar ikkje kravet til damsikkerheit og dameigar ønskjer derfor å legge ned dammen i staden for kostbar rehabilitering.

Vurdering

Biologisk mangfald

Det skal gå ål opp i Sætrevatnet. Ut over dette kjenner vi ikkje til registrerte miljøverdiar i og ved vatnet. Søknaden opplyser at ved fjerning av dammen vil ikkje vasstanden i Sætrevatnet bli lågare enn i dag ved tørre periodar; dvs. ca. 19,5 moh.

Når det gjeld Vassetvatnet er den sørvestlege delen registrert som naturtype rik kulturlandskapssjø av lokal viktig verdi. Vassetvatnet er elles eit viktig yngle/beiteområde for andefuglar. Rapporten syner at endringar i vasstanden i Vassetvatnet vil bli minimal, utan at den er direkte talfesta. Vi kan vanskeleg sjå at fjerning av dammen vil føre til særlege konsekvensar for naturmiljøet i dette området.

Etter det vi kjenner til går det ikkje anadrom fisk opp i vassdraget. Vi kan derfor ikkje sjå at det er naudsynt å behandle søknaden etter laks- og innlandsfiskelova.

Friluftsliv/ålmenne interesser

Det går stiar rundt begge vatna, men stien rundt Vassetvatnet er opparbeid som turveg og er nok vesentleg meir nytta. Nordsida av Vassetvatnet er eit statleg sikra friluftsområde. Dette er eit svært viktig nærmiljøområde i Langevåg som ligg i tilknytning til det regionalt viktige turområdet Sulafjellet og til Veddemarka. Arealet er ein del av Vasset friluftsliv- og idrettspark med ulike tilbod innan friluftsliv og idrett. Rundt Vassetvatnet er det opparbeidd turveg med m.a. lys, toalett, badeplass, benkar og bord.

Så lenge vasstanden ikkje blir særleg endra vil tiltaket neppe ha negative verknader for ålmenta.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Flaumtilhøve

I søknaden blir det vist til at nedlegging av dammen vil gje litt større flaumar nedover i vassdraget, men at dette ikkje vil gje større endringar i og rundt vatna. I nedre del av vassdraget går elva i røyr/kulvert og det er ein viss usikkerheit om kapasiteten på røyrsystemet kan ta imot større mengder vatn. I nedre del ligg m.a. fleire butikkar og kraftstasjon utsett til. Flaumutrekningane er gjort for middelflaum og 50-årsflaum.

Flaumfrekvensanalysar blir m.a. gjort i samband med flaumutrekningar ved flaumsonekartlegging. For dette føremålet blir 200 års flaumen nytta. NVE- rapport *Klimaendringer og framtidige flommer i Norge* (2016) syner om lag 20 % auke i 200 års flaumen i denne delen av vårt fylke. Vi saknar derfor flaumutrekningar ved 200 års flaumen for dette området.

Før det eventuelt blir gitt løyve til å leggje ned dam Sætrevatn må ein sikre at flaumfaren i nedste del av Vassetelva ikkje aukar. Vi reknar med at NVE som fagmynde vil vurdere dette nærare og stille naudsynte krav til avbøtande tiltak som sikrar dette.

Konklusjon

Fylkesmannen kan ikkje sjå at nedlegging av dam Sætrevatn vil ha vesentlege konsekvensar for biologisk mangfald og ålmenne interesser.

Det er noko usikkerheit om nedlegging av dammen kan føre til auka flaumfare i nedste del av vassdraget. Dette må avklarast og det må stillast krav til eventuelle avbøtande tiltak som kan sikre dette.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE